

Høyringsuttale til dei planlagde Tveddal og Breisete kraftverk

Då det er naturleg og ynskjeleg å vurdera dei omsøkte planane under eitt, leverer me *ein* uttale som gjeld dei begge.

Overordna perspektiv

1. Då hovudelva (Jondalselva) alt har sterkt nedsett vassføring grunna utbygging i høgfjellet (Folgefønnsanlegga), og nedre delen av Stølsdalselva er utbygd for få år sidan (Stølsdalselvi kraftverk), meiner me at både hovudvassdraget og dette sidevassdraget alt er så redusert med tanke på naturkvalitetar at ein bør vera særst restriktiv med tanke på vidare utbyggingar. Dessutan har Jondalselva i dette området alt to kraftverk (Eidesfossen og Haugafossen), ved sida av det er søkt om utbygging av fleire nye kraftverk lenger oppe i vassdraget.
2. Som det er sagt i konsesjonssøknaden for Tveddal kraftverk, men av ein eller annan grunn ikkje i søknaden for Breisete kraftverk, ligg dei to planlagde utbyggingane i eit «attraktivt turområde» med tilrettelagde stiar. Bortsett frå området rundt sommarskisenteret ved Folgefonna er det knapt noko terreng i kommunen som er meir nytta for turar enn dette. Det gjeld ikkje minst stien frå Breisete til Freddal, altså langs traseen for den planlagde Breisete kraftverk.
3. Truleg for å dempa innvendingar som gjeld naturopplevingar, heiter det i begge søknadane at dalen alt er «preget» av eksisterande kraftlinje. Dette er ei sterk overdriving: Det er her ikkje tale om «monstermaster», men ei relativt beskjeden overføringslinje med stolpar av tre. Mykje av strekkja fylgjer dessutan ikkje linja dalbotnen, men ligg oppe i lia, slik at ho ikkje dominerer landskapet.

Merknader til utbygging av Tveddal kraftverk

1. Mest merkbar vil utbygginga verta i øvre delen av den planlagde røyrkata. Her vil nedgravinga av røyrkata føra til at den gamle vegen vert borte. Dessutan vil det her merkast særleg godt at vassføringa i elva vert radikalt minska, då vegen her delvis går langs elva (dette gjeld dei siste par hundre metrane).
2. Det er ikkje nemnt i konsesjonssøknaden at Tveddal fram til Svartedauden var ein gard. Det er rimeleg å venta at tuftene etter øydegarden ligg i området mellom det planlagde kraftverket og eksisterande stølsveg, om lag der tilførslevegen til kraftverket er tenkt å gå.
3. Slik det no er, fungerer elva som naturleg «gjerde» mellom beitet til Jondalsgardane (på austsida) og Torsnesgardane (på vestsida). Når elva nedanfor planlagt inntak vert berre for ein bekk å rekna, vil denne funksjonen verta borte.

Merknader til utbygging av Breisete kraftverk

1. Det går ein mange hundre år gammal stølsveg langs vassdraget: stien/kløvjevegen til stølane Nipe og Freddal (siste stølen som var i drift i kommunen, fram til ca. år 2000). Røyrgata/vegen vil kryssa denne fleire gonger. Og i eit lengre parti (eit par hundre meter) langs elva mellom Svartavatnet og Nipevatnet vil legginga av røyrgata/bygginga av vegen gjera at stien her beint fram vert borte.
2. Den same strekkja er det bratt terreng med berre lausmasse (og stort sett skogfritt) langs elva der røyrgata/vegen skal gå. Her er det ikkje til å unngå at gravinga vil endra det sårbare landskapet fullstendig: Når ein grev seg ned, vil lausmassar ovanfor straks rasa/siga nedover, og ein vil også i framtida få mykje erosjon dette stykket. Så når det er sagt i søknaden at røyrlegginga/vegbygginga berre vil berøra til saman ca. 20 meter breidde langs vegen, og det berre i anleggsperioden, så er det langtfrå realistisk for dette partiet. Same utbyggjar lova elles ved bygginga av Stølsdalselvi kraftverk å gjera minimale naturinngrep, inkludert å spara den gamle stølsvegen langs elva. Men då også her vegen/røyrgata er lagd i ei sterkt skrånande terreng med lausmassar, vart i realiteten heile landskapet endra og stølsvegen er heilt borte. Dette borgar ikkje for særleg tiltru til slike vurderingar/lovnader.
3. Det er heller ikkje nemnt i søknaden at ei utbygging vil føra til ei turrlegging av det uvanlege deltaet (ca. 50 meter breidde) med fin bjørkeskog der elva renn ut i Svartavatnet.
4. Då stien/den framtidige vegen heile den siste halvta av strekkja (mot Nipevatnet) fylgjer elvelaupet, vil naturopplevinga her verta sterkt redusert om elva mest vert borte.
5. Alt slik det no er, fløymer Nipevatnet stykkevis over stien langs vatnet når det er mykje nedbør/flaum. Om den omsøkte reguleringa av vatnet vil føra til at vassstanden jamt vert høgare enn i dag, er det fylgjeleg til sterk ulempe for ferdsla langs vatnet, endå om nivået ikkje skal vera over eksisterande høgstevassstand.
6. Slik det no er, fungerer elva som naturleg «gjerde» mellom beitet til Jondalsgardane (på austsida) og Torsnesgardane (på vestsida). Når elva vert berre for ein bekk å rekna, vil denne funksjonen verta borte. Særleg vil dette føra til at sauer lett forvillar seg over i framandt beite, begge vegar. Sjølv sagt kan ein prøva å bøta på dette med å gjerda, men særleg i øvre delen av elvestrekninga vil det vera mest uråd å få sett opp eit gjerde som held: Mellom anna trykket av snøen på denne bratte strekninga vil uvilkårleg leggja gjerdet flatt.
7. Utbygginga er planlagt i eit område som til no har minimalt med hyttebygging, i tillegg til dei to gamle stølane med sine sel. Difor vil særleg inntaksinstallasjonen ved Nipevatnet vera merkbar. Denne er forresten lagd berre få meter frå hytta som i dag ligg ved orfallet.

Samla vurdering

I utgangpunktet meiner underskrivne, ut frå grunnane som er lagde fram ovanfor, at ingen av dei to utbyggingssøknadane bør stettast. Men det vil òg gå fram av høyringsuttalen vår at ulempene ved utbygginga av Breisete kraftverk vil vera monaleg meir tungtvegande enn dei som gjeld Tveddal kraftverk.

Dei underskrivne

er eigarar av sel eller hytter på dei to stølane Nipe og Freddal. Med eitt unntak har alle beiterett, og nokre av oss har sauer på beite i området. Me vil likevel understreka at når me går imot desse utbyggingane, er det ikkje grunna berre i snever eigeninteresse, men ut frå at me kjenner ansvar for å ta vare på natur og kulturminne – på vegne av både turfolk i dag og kommande slekter. Egoistisk sett kunne me til og med seiast å ha føremoner av traktorvegen som er planlagd, både ved lettare tilgang til beite og ved at transporten til stølane/hyttene vert enklare. Men me ser ikkje desse føremonene som så avgjerande at me for deira skuld er viljuge til å ta dei ulempene som er peika på ovanfor, med på kjøpet.

Jondal, 15. juli 2013

Hans Bringeland

(sign.)

Helge Gunnar Byrkjeland

(sign.)

Steinar Eide

(sign.)

Leidulv Handegard

(sign.)

Johannes Øvrehus

(sign.)